

Møt politikarane ikveld**03.10.2012**

Styret i Uskedalen utvikling minner om det opne møtet i Gamleskulen ikveld klokka 19. Det vert eit uformelt møte med dei som vart valde inn i kommunestyre, formannskap og utval ved valet for eitt år sidan.

Drøftingane vil i store trekk handla om sentrumsutvikling, stadanalyse, trafikksikring, bustadbygging og renovering av skulen. Dei som har saker eller framlegg til gode tiltak bør leggja dei fram ikveld.

Det vert og ei kort økt med informasjon om arbeidet med revisjon av Kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet. Uskedalen med alle sine anlegg bør markera seg i dette arbeidet. Høyringa vert i haust.